

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 21.11.2007  
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 25.10.07 - 21.11.07**

**Styresak 102/07 O**

**Styremøte 04.12. 2007**

**Administrerende direktør si orientering pkt 3**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 25.10.07 – 21.11.07
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

## Del 1

| Tilsynsmyndigheit                              | Dato for brev                                                  | Kva saka gjeld                                                                                                                                                                                      | Kommentarar/status                                                                                                                                                       |
|------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Riksrevisjonen</b>                          | Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.      |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
|                                                |                                                                |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
| <b>Statens helsetilsyn</b>                     | Mars 05                                                        | Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus.                                                                                                               | Rapportering frå Helse Bergen for oktober 2007 viser at det ikkje har vore korridorpatientar eller blitt brukt korridorpassar i akuttmodtaket eller korttidsavdelingane. |
|                                                |                                                                |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
| <b>Arbeidstilsynet</b>                         | Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.     |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
|                                                |                                                                |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
| <b>Datatilsynet</b>                            | Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.        |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
|                                                |                                                                |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
| <b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b> | Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda. |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
|                                                |                                                                |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
| <b>Sivilombudsm.</b>                           | Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.   |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
|                                                |                                                                |                                                                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                          |
| <b>Konkurransetilsynet</b>                     | 19.09.06                                                       | Konkurransetilsynet har motteke ein klage frå Fana Medisinske Senter kor det er uttrykt mistanke om mogleg ulovleg prissamarbeid mellom to sjølvstendige tilbydarar som har delteke i konkurransen. | Aktuelle dokument er oversendt Konkurransetilsynet ved brev av 28.09.06.                                                                                                 |

|  |  |                                                                     |  |
|--|--|---------------------------------------------------------------------|--|
|  |  | For å kunne vurdere saka ber tilsynet om innsyn i dokumenta i saka. |  |
|  |  |                                                                     |  |

## Del 2

| Tilsynsmyndigheit          | Dato for brev                                             | Kva saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Kommentarar/status |
|----------------------------|-----------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
| <b>Riksrevisjonen</b>      | Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden. |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                    |
|                            |                                                           |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                    |
| <b>Statens helsetilsyn</b> | 30.01.07                                                  | Melding om tilsyn med tenester i akuttmottak, Helse Stavanger HF, 24.-25.04.07.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                    |
|                            | 01.06.07                                                  | <p>Oversending av rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik.</p> <p>Helse Stavanger har ikkje utført ei samla risikovurdering av om Akuttmottak har nødvendig beredskap og fagleg kompetanse til å sikre forsvarleg mottak, prioritering, behandling og oppfølging av pasientar i periodar med stor pasienttilstrøyming.</p> <p>Helse Stavanger føretekk ikkje systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer slik som føresett.</p> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 14. september 2007 for å gjere greie for korleis avvika skal rettast opp.</p>                                                                                                                                      |                    |
|                            | 25.05.07                                                  | <p>Tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikkk for kirurgi og akuttmedisin, Haugesund sjukehus, Akuttmottak. Oversending av endeleg rapport. Ved tilsynet blei det funne tre avvik.</p> <p>Det går ikkje klart fram korleis ansvar, mynde og oppgåver er fordelt når det gjeld alle funksjonar i Akuttmottak.</p> <p>Det manglar klare rutinar for fleire sentrale arbeidsprosessar som sjukepleiarane i Akuttmottak utfører. På andre område finns det prosedyrar, men alle desse blir ikkje alltid følgde.</p> <p>Det blir ikkje gjort systematisk overvaking og evaluering av dei ulike sidene ved drifta og risikotilhøva i Akuttmottak.</p> <p>Helse Fonna er gitt frist til 1. september 2007 for å gjere greie for korleis avvika skal rettast opp.</p> |                    |
|                            | 02.07.07                                                  | Varsel om tilsyn med stiftelsen Syd Vest 4. oktober 2007.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                    |
|                            | 02.07.07                                                  | Varsel om tilsyn med Haugaland A-senter 3. oktober 2007.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                    |
|                            | 30.10.07                                                  | <p>Oversending av endeleg rapport. Ved tilsynet blei det avdekket to avvik.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Liten tilgang til psykiatrisk/medisinsk kompetanse førar til at pasientar ved Haugaland A-senter ikkje alltid får forsvarleg vurdering, utgreiing og behandling.</li> <li>2) Haugaland A-senter har ikkje eit samla journalsystem.</li> </ol> <p>Det er gitt frist til 31.12.07 for tilbagemelding om kva tiltak som vil bli sett i verk for å lukke avvika.</p>                                                                                                                                                                                                                                                             |                    |
|                            |                                                           |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                    |

|                                                |                                                                    |                                               |
|------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------|
| <b>Arbeidstilsynet</b>                         |                                                                    | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. |
|                                                |                                                                    |                                               |
| <b>Datatilsynet</b>                            |                                                                    | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. |
|                                                |                                                                    |                                               |
| <b>Statens strålevern</b>                      |                                                                    | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. |
|                                                |                                                                    |                                               |
| <b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b> |                                                                    | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. |
|                                                |                                                                    |                                               |
| <b>Sivilombudsmannen</b>                       | Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden. |                                               |